



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 Bergen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anbjørn Høivik	917 05 737	2022/1642-17	2022/20729	21.04.2026

Utviklingsstrategi for Arm til Bergen - Høyring

Eg viser til dykkar brev til oss 03.03.2026 med invitasjon til høyring med frist for uttale 17.04.2026. Ved ein inkurie vart brevet ikkje fanga opp av oss før no. I det følgjande gir Kvinnherad ein administrativ uttale til forslaget om utviklingsstrategi. Uttalen blir i ettertid sendt vår politiske leiing til informasjon.

Kommunedirektøren i Kvinnherad meiner rapporten frå Statens vegvesen i samarbeid med Vestland fylkeskommune og Nye Veier AS har lagt relevante problemstillingar og parametrar til grunn i arbeidet, og at hovudtrekka i den føreslegne strategien står seg.

Vi støttar forslaget om å ta utbygginga i to byggetrinn, og meiner inndelinga og rekkefølga på dei to trinna er godt grunngitt.

Når det gjeld innbyrdes rangering av etappane i byggetrinn 1 bør omsynet til samfunnssikkerheit og beredskap vege tyngre. Parsellane på fv. 49 Austrepollen – Nordrepollen rv. 13 i Oddadalen har særskild dårlege omkøyringsmoglegheiter og bør difor rangerast høgast. Fv. 49 Austrepollen – Nordrepollen har grunna hyppige ras og varsling om rasfare ofte vegstenging. Dette gir i tillegg til ulemper for dei reisande utfordringar for kommunen sin tenesteproduksjon og svekka beredskap for dei råka bygdene.

Tunell på strekninga fv. 49 Austrepollen – Nordrepollen er under reguleringsplanlegging som fylkesvegprosjekt no. Det er viktig at den får diameter og eigenskapar elles som tek høgde for framtidig riksvegklassifisering.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anbjørn Høivik
Kommunalsjef - Samfunnsutvikling

Brevet er sendt elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Vegard Bjørnevik

Rosendalsvegen 10

Leif Ove Mikkelsen

Rosendalsvegen 10

Sigbjørn Øye

Rosendalsvegen 10

Peder Sjo Slettebø

Rosendalsvegen 10